

Kravspesifikasjon: Skildring av Kossdalssvingane

Prosjektskildring

Kosdalssvingane/Kosdalsvegen er ei gamal ferdselsåre som går frå Svenheim og ned og fram mot Mjøsvågen. Veggen vart bygd mot slutten av 1800-talet, og har ein utforming som gjer at det er definert som eit kulturminne. Samtidig har det høg verdi som reiselivsattraksjon og som friluftsområde.

Osterøy kommune har gjennom kartleggingar, vurderingar og politiske vedtak, konkludert med at det offentlege har eit ansvar for at sjølve Kosdalssvingane vert teke i vare. Vurderingane er i hovudsak gjort med grunnlag i kulturminnefaglege vurderingar.

Prosjektet er planlagt gjennomført med konkurranse og kontrakt i august og september, og gjennomføring i perioden november 2023 – mars 2024.

Punkta som skal reparerast, er som følgjer:

Stad	Tiltak	Formål	Utførast av
Nedst i svingane	Reparere utrast mur	Reinske vekk veggrus og fyllmassar. Plukka vekk det som er naudsynt for å få mura seg inn på ein stødig del av vegmuren.	Vener av Kossdalen skal reinske bort veggrus og fyllmassar. Reperasjonen av muren må utførast av tradisjonshandverkar. Vener av Kossdalen skal legge tilbake grus på muren.
Øvst ved Svenheim	Reparere skadd vegparti ved parkering	Forhindre utgliding av veg	Vener av Kossdalen skal reinske bort veggrus og fyllmassar. Reperasjonen av muren må utførast av tradisjonshandverkar. Vener av Kossdalen skal legge tilbake grus på muren.
5. svingen nedanfrå	Ordne utrast støttemur	Reparere utrast støttemur	Vener av Kossdalen skal reinske bort veggrus og fyllmassar. Reperasjonen av muren må utførast av tradisjonshandverkar. Vener av Kossdalen skal legge tilbake grus på muren.
8. svingen	Ordne skadd vegparti	Reparere skadd vegparti	Vener av Kossdalen skal reinske bort veggrus og fyllmassar. Reperasjonen av muren må utførast

*Saksnr.: Prosjektnr.:**Prosjekt.: Reperasjon av
Kossdalssvingane*

nedanfrå			av tradisjonshandverkar. Vener av Kossdalen skal legge tilbake grus på muren.
----------	--	--	---

Osterøy kommune ber om tilbod på den delen av arbeidet som skal utførast av tradisjonshandverkar i oversikten over. Osterøy kommune har ingen anbefaling om kva løysing som vert valt for å best sikre muren, ut over at arbeidet skal gjerast med stadleg stein etter gamal oppskrift så langt det er mogeleg.

Osterøy kommune gjer merksam på at vegen er vurdert av tradisjonshandverkar Kjetil Monstad, og at det er han som har vurdert kva punkt som treng reperasjon. Viser til vedlagt rapport. Monstad vert invitert til å gje tilbod på arbeidet.

Skildring og krav for utføring

Leveransen har følgjande krav og spesifikasjonar:

- Arbeidet skal utførast av handverkar med dokumentert kompetanse som tradisjonshandverkar. Med tradisjonshandverkar meiner vi at den eller dei som utfører arbeidet, skal kunne utføre «reperasjonar av objekt etter gamal oppskrift». Med «dokumentert kompetanse» meiner vi at ein skal kunne levere informasjon om korleis ein har erverva seg kompetansen og kva arbeid ein har utført.
- Nødvendig riggfasilitetar, skjerming og utstyr som skal til for å kunne levere ein komplett leveranse skal være med.
- Informasjon om vegen i periodar må stengast for gåande for å kunne utføre arbeidet skal vere med.